



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Lagårdsveien 78, Postboks 59, 4001 Stavanger. E-post: postmottak@fm-ro.sri.telemax.no
Landbruksavdelinga, Klubbgata 1, Postboks 210, 4001 Stavanger

Saksbehandlar, direktetelefon
Siv Kristin Berge, 51568941

Arkivnummer
461.21
Vår referanse
97/11266 skb

Dato

Dykkar referanse

Hjelmeland kommune

4130 HJELMELAND

UTSLEPPSLØYVE FOR HAUSKJE VASSVERK

Vi viser til søknaden Dykkar datert 29.08.97 utforma av Viodd AS.

Fylkesmannen har nå slutthandsama søknaden om løyve til utslepp frå Hauskje vassverk. Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår følgjer som vedlegg til dette brevet. Løyvet er gitt i medhald av §§ 11 og 16 i forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6, med endringar seinast av 21. juni 1996 nr. 36.

Dei forholda som ein meiner vil ha størst miljømessige påverknader, er regulert i løyvet. Det er viktig å vere merksam på at den som har fått løyvet pliktar å halde utsleppet på eit slikt nivå at ein unngår unødig forureining, jf. § 7 i forureiningslova. Ved vurdering av kva som blir rekna som unødig, skal det leggjast vekt på om skader eller ulemper i naturen som følgje av forureininga kan reduserast med tilgjengeleg teknologi innanfor rimelege kostnader. Det er likevel også den som har fått løyvet sitt ansvar å sjå til at utslepp av stoff som det ikkje er sett spesifikke grenser for i dette løyvet, vert haldne på eit nivå som ikkje gjer skade eller er til ulempe for omgjevnadane.

Endringar i dette løyvet skal gjerast skriftleg. Dersom den som har fått løyvet i særlege tilfelle og p.g.a. tidsnød har fått muntleg løyve til mellombels å overskride fastsette vilkår, skal dette stadfestast skriftleg av fylkesmannen så snart som mogleg. Det er likevel den som har fått løyvet sitt ansvar å dokumentere eit slikt løyve.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om ein i enkelte tilfelle må rekne med visse forureiningskader som følgje av dei utsleppa løyvet gir høve til, så er ikkje den som har fått løyvet friteken for plikt til å betale erstatning eller vederlag etter grannelova, jf. § 56 i forureiningslova.

Vi gjer merksam på at det er straffbart å ikkje overhalde utsleppsvilkåra etter forureiningslova og straffelova.

1 Bakgrunn for saka:

Hjelmeland kommune har i samband med kraftstasjonen på Hauskje eit etablert vassverk. Vasskjelda er Valavatn, og vatnet til vassverket vert henta frå oppsamlingskummen etter turbinen i kraftstasjonen. Hjelmeland kommune vil nå oppjustere vassverket med reinsing ved hjelp av membranfiltrering og alkaliske kontaktbasseng.

Ved bruk av membranfilter, vil det bli eit kontinuerleg avløp i form av eit konsentrat. Konsentratet vil innehalde dei same komponentane som råvatnet, men konsentrasjonen vil i konsentratet bli opptil fire gonger så høg som i råvatnet alt avhengig av kva komponent det gjeld. Utlepp av konsentrat vil gå føre seg 23 timar og vil utgjere inntil 950 m³ i døgnet.

Membranfilteret skal spylast ein gong i døgnet. Avløpsmengda frå denne prosessen vil vere ca 4 m³ og vil innehalde organiske salt, og klor som vert nytta som desinfeksjonsmiddel. I søknaden er det opplyst at kloren stort sett er bunden som salt og maksimalt 1 % vil vere i form av kloroform.

Ein gong i året skal membranfilteret vaskast, og avløpsmengda her vil utgjere 4 m³. Dette avløpet vil innehalde reinsemiddelet RMN - 02 som igjen inneheld tensider, fosfat, EDTA og natriumsulfat.

Ein til to gonger i året vil det bli spyling av dei alkaliske kontaktbassenga. Avløpet frå denne spylinga vil innehalde finstoff av marmor/kalk og vil ha ein pH på ca 10. Avløpsmengda for kvart basseng vil vere ca 3,35 m³ for kvar spyling. I alt er det tre slike basseng.

Når kraftstasjonen går, skal avløpet blandast med overskotsvatnet frå dette før utslepp til Hauskjeåna. Kommunen søkte opprinneleg om å få sleppe alt avløpsvatnet ut i Hauskjeåna. Etter møte med fylkesmannen skisserte Viodd AS i brev datert 13.11.97 nye løysingar for utsleppet.

Utsleppsøknaden har vore kunngjort og har lege ute til offentleg ettersyn i samsvar med "Forskrift om saksbehandling etter forurensningsloven". Det kom ingen merknader til søknaden.

2 Grunngeving for avgjerda:

2.1 Utslepp av konsentrat frå membranfiltrering:

Prøvar som er tatt av råvatnet (Valavatnet) 27.10.98 syner at syreløyst aluminium ligg på 0,091 mg/l og labilt aluminium på 0,038 mg/l. Dette er relativt høge konsentrasjonar. I søknaden er det opplyst at konsentrasjonen av aluminium vil bli opptil fire gonger så høg i konsentratet frå membranfiltreringa. Kor mykje som vil vere syreløyst og kor mykje som vil vere labilt aluminium i konsentratet vil vere usikkert. Dette avheng av m.a. pH og alkalitet.

Labilt aluminium i konsentrasjonar over 20 - 30 $\mu\text{g/l}$ kan vere skadeleg for fisk og andre organismar. Giftverknaden av aluminium vil vere avhengig av m.a. alkalitet, fargetal og pH og vil variere for ulike typar fisk. Aure vil såleis tole høgare konsentrasjonar enn til dømes laks. Ein kjenner ikkje til at det går laks i Hauskjeåna. For å vere sikker på at konsentratet ut i Hauskjeåna ikkje skal føre til skadeverknader på fisken, bør labilt aluminium haldast på eit så lågt nivå som mogleg. For å kartleggja utsleppet, må det difor regelmessig gjennomførast analysar av aluminium både i råvatnet, i konsentratet og i Hauskjeåna, både oppstrøms og nedstrøms utsleppet. Samstundes må det takast prøvar for fargetal og pH.

Konsentratet skal først gå til ombygd silkkammer. Når kraftstasjonen går, skal konsentratet deretter blandast med overkotsvatn frå kraftstasjonen før utslepp til Hauskjeåna. Konsentratet vil utgjere 40 m^3/h som er omlag 6 % av utsleppet frå kraftstasjonen som i snitt slepp ut 650 m^3/h . Midlare vassføring i Hauskjeåna ved utsleppspunktet er i søknaden oppgitt til å vere 1150 m^3/h . Når kraftstasjonen er i drift, vil konsentratet difor verte svært fortynna. Fylkesmannen reknar difor ikkje med at konsentratet vil føre til negative verknader på fisken og har difor ikkje sett noko krav til kalking når kraftstasjonen er i drift. Dersom analyser i åna syner høge verdiar av labilt aluminium, vil fylkesmannen vurdere om det også skal setjast krav til kalking i driftsperiodane til kraftstasjonen.

Når kraftstasjonen står, skal konsentratet kalkast til ein pH på 6,5 +/- 0,3, sjå pkt 2.4. For å oppnå best mogleg kalkingseffekt, må konsentratet etter tilsetjing av kalk ha ei opphaldstid på minimum 15 minutt før utslepp til Hauskjeåna.

2.2 Utslepp av skylevatn frå membranfilter:

Skyling av membranfilteret som skal skje ein gong i døgnet, vil medføre utslepp av skylemiddelet SMN - 01 som inneheld ikkje eutfierande salt på omlag 1000 $\text{kg}/\text{år}$. Dette avløpet vil også innehalde klor som desinfeksjonsmiddel, totalt 35 $\text{kg Cl}_2/\text{år}$. Det er ikkje aktiv klor i avløpet. Dette avløpet skal gå til ombygd silkkammer og vil verte blanda med konsentrat før utslepp. Opphaldstida for skylevatnet skal vere på minimum 15 minutt. Dersom ein hindrar at avløpet går ut som ein "propp", men istaden sørgjer for at avløpet blir godt innblanda i vassmassane i åna, reknar ikkje fylkesmannen med at åna vil ta skade av dette utsleppet. Når kraftstasjonen er i drift vil dette avløpet etter å ha passert det ombygde silkkammeret, også blandast med overskotsvatnet før utslepp til åna. Ved driftsstans av kraftstasjonen, skal dette avløpet etter tilsetjing av konsentrat, kalkast på same måte som konsentratet, sjå pkt 2.1.

2.3 Utslepp av vaskevatn frå membranfilter:

Ein gong i året skal membranfilteret vaskast med reinsemiddelet RMN-02. Dette inneber at vaskevatnet som utgjør 4 m^3 , vil innehalde omlag 0,9 kg tensider, 9,7 kg fosfater, 5,3 kg EDTA og 1,8 kg natriumsalt for kvar vask. Så høge konsentrasjonar kan vere akutt giftig både for fisk og andre organismer. Fosfat kan i tillegg verke eutfierande på ferskvatn og 9,7 kg pr. vask er relativt store mengder fosfat. I tillegg er det noko usikkert korleis langtidverknaden av tensider og EDTA vil vere på organismane og omgjevnadene i Hauskjeåna. Fylkesmannen har i løyvet difor sett krav om at vaskevatnet ikkje skal sleppast ut i Hauskjeåna. Istaden skal vaskevatnet samlast opp og sleppast på eksisterande kommunalt nett på industriområdet Vikanes. Dette avløpsanlegget har utslepp til sjøen i Ølesundet. Der utsleppet går ut, er det gode straumforhold, og fylkesmannen reknar difor med at resipienten vil tole dette utsleppet.

2.4 Utslepp av spylevatn frå kontaktbassenga:

Spylevatnet frå dei alkaliske kontaktbassenga vil innehalde mykje finstoff frå marmorfiltra og vil difor vere sterkt basisk. Sidan spylevatnet har ein pH på 10, må dette spylevatnet uansett ikkje gå direkte ut i åna. Så sterke basiske løysingar, kan føre til lokal skade ved utsleppspunktet. Fylkesmannen har difor sett krav om at pH i åna 50 meter nedstrøms utleppet, skal vere på maksimalt 7,5.

Hauskjeåna hadde ved prøvetaking 27.10.97 ein pH på 6,7, medan råvatnet, dvs. Valavatnet, ligg på omlag 5,5. Ved å samle opp spylevatnet som inneheld finstoff frå marmorfiltra og setje det til konsentratet i passelege mengder før utslepp, vil ein få ein kalkingseffekt av konsentratet, og meir aluminium vil gå over frå labilt til bunden form. Ein kan på denne måten redusere giftverknaden av aluminium overfor fisken. Når ein nyttar spylevatnet til oppkalking av konsentratet, vil dette difor vere positivt for Hauskjeåna.

Modningsvatnet, dvs. det første vatnet som går gjennom kontaktbassenga etter kvar spyling, kan av kvalitetsmessige grunnar ikkje nyttast som drikkevatt. Dette vatnet ligg likevel svært nær kvaliteten til drikkevatt. Fylkesmannen reknar difor ikkje med at dette vil påverke resipienten, og har difor ikkje sett krav i samband med utslepp av modningsvatnet.

3 Vedtak:

Med heimel i §§ 11 og 16 i “Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6” (forureiningslova), med seinare endringar, vert den som har fått løyvet, pålagt å sørge for at dei tiltaka som er nemnde nedanfor i løyvet, vert gjennomførte innan fastsette fristar.

Tiltak	Vilkår i løyvet	Frist
Analysar av labilt aluminium	1.2	1 gong pr. måned
Analysar av syreløyst aluminium	1.2	1 gong pr. måned
Analyse av pH	1.2	1 gong pr. måned
Analyse av fargetal	1.2	1 gong pr. måned
Analyse av kalsium	1.2	1 gong pr. måned
Vassføringsmåling, Hauskjeåna	1.2	1 gong pr måned
Mengdemåling, konsentrat	2.1	kontinuerleg
Kalking av konsentrat	2.1	når kraftstasjonen står
Oppsamling av vaskevatt frå membranfilter	2.3	for kvar vask

4 Høve til å klage og klagefrist:

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på dette vedtaket til Statens forureiningstilsyn (SFT), jf. § 85 i forureiningslova. Klagefristen er 3 veker frå vedtaket er mottatt. Eventuell klage skal opplyse om det forholdet det blir klaga over, og den eller dei endringar som klagaren ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og alle opplysningar som kan ha innverknad på saka, bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland. Fylkesmannen eller SFT kan etter oppmoding eller av eige tiltak vedta at løyvet ikkje tek til å gjelde før dei punkta eventuell klage omfatter, er avgjort.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå saksdokumenta. Nærmare opplysningar om dette kan Fylkesmannen i Rogaland gje. Fylkesmannen kan også opplyse om sakshandsamingsreglar og andre reglar som er viktige for saka.

Gjenpart av løyvet er sendt dei andre partane i saka.

Med helsing

Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernsljef

Morten Nicholls
seksjonsleiar

Vedlegg: Utsleppsløyve

Kopi m/vedlegg:

Viodd AS, Kilgata 33B, 32317 SANDEFJORD
Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4001 STAVANGER
Fiskerisjefen i Rogaland, Postboks 38, 4250 KOPERVIK
Fylkesveterinæren i Rogaland og Agder, Kyrkjev. 332/334 Høyland,
4300 SANDNES
Fylkesfriluftsnemda i Rogaland, Postboks 130, 4001 STAVANGER
Rogaland jeger- og fiskerforbund v/ Oddvar Vermedal, Sandvika 12,
4300 SANDNES
Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 441, 4001 STAVANGER
Ryfylke Friluftsråd, Jåttavågen, 4030 HINNA
Rogaland Fiskarlag
Landbruksavdelingen hos fylkesmannen



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utsleppsløyve for Hauskje vassverk

Gitt i medhald av ”Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) av 13. mars 1981 nr 6” (forureiningslova) § 11 og § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 29.08.97 i tillegg til opplysningar gitt i brev av 13.11.97 og opplysningar som har kome fram under handsaminga av søknaden. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 5. Endringar som den som har fått løyvet ønskjer i forhold til dette, må vere klarert med fylkesmannen på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 2 år etter at løyvet har tatt til å gjelde, skal den som har fått løyvet sende ei utgreiing om omfanget av verksemda slik at fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet. I medhald av § 18 i forureiningslova, kan fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller sette nye vilkår, og om nødvendig kalle løyvet tilbake. I alle tilfelle kan løyvet kallas tilbake eller endrast etter 10 år.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt til:	Hjelmeland kommune		
Poststad:	4130 HJELMELAND	Kommune: 1133	Hjelmeland

Løyvet gjeld: Utslepp av konsentrat og skylevatn frå membranfilter og spylevatn frå alkaliske kontaktbasseng ved Hauskje vassverk til Hauskjeåna. I tillegg gjeld løyvet utslepp av vaskevatn frå membranfilter til sjø i Ølesundet.

<i>Komponent</i>	<i>Utsleppspunkt</i>	<i>Kommune</i>	<i>UTM-koordinatar</i>
Konsentrat frå membranfilter Skylevatn frå membranfilter	Hauskjeåna	Hjelmeland	32V 335600 6566800
Spylevatn frå alkaliske kontaktbasseng			
Vaskevatn frå membranfilter	Ølesundet	Hjelmeland	32V 334700 6568500

Fylkesmannen sin referanse:

saksnr: 97/1126/skb arkivnr:461.72

Dato:

Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernssjef

Morten Nicholls
seksjonsleiar

Løyvet gjeld utslepp av konsentrat, skylevatn og vaskevatt frå membranfiltrering i tillegg til utslepp av spylevatn frå alkaliske kontaktbasseng i samband med vassbehandlingsanlegget ved Hauskje vassverk, Hjelmeland kommune. Vassverket vil fullt utbygd ha ein døgncapasitet på 2250 m³ reintvatn. Råvatnet som kjem frå Valavatn, skal gå gjennom membranfilter før filtrering gjennom alkaliske kontaktbasseng av marmorgrus. Ved bruk av denne handsamingsmetoden, vil det kontinuerleg dannast eit konsentrat frå membranfiltreringa. Ein gong i døgnet må membranfilteret skylast. Både konsentrat og skylevatn skal sleppast ut i Hauskjeåna. Når kraftstasjonen som er plassert i same bygget som vassverket, er i drift, skal konsentrat og skylevatn blandast med overskotsvatnet frå kraftstasjonen før utslepp. Membranfilteret skal vaskast ein gong i året. Vaskevattnet skal køyrast bort og leiast via offentleg avløpsnett til sjøen. Dei alkaliske kontaktbassenga skal ein til to gonger i året spylast, og dette spylevatnet som inneheld mykje finstoff frå marmorfilteret skal nyttast til å kalka konsentratet før utslepp til Hauskjeåna.

VILKÅR FOR LØYVET

1 Resipienten

1.1 Vasskvalitet

Hauskjeåna har utløpet sitt i Vigavågen i Gardsundfjorden. Det planlagde utsleppspunktet for konsentrat og skylevatn i Hauskjeåna, er ca ein km ovanfor utløpet av åna. Midlare vassføring her er 1150 m³/h. Når kraftstasjonen er i drift, vil ca 650 m³/h overskotsvatn også gå ut i åna ved dette utsleppet. Vatnet frå kraftstasjonen og vassverket kjem frå Valavatn. Vatnet i Valavatn er surt med ein pH rundt 5,5, medan Hauskjeåna har ein pH på omkring 6,7. Analysar tatt for aluminium 31.10.97 synte at Valavatn hadde ein konsentrasjon på 0,091 mg/l for syreløyst aluminium og 0,038 mg/l for labilt aluminium. For Hauskjeåna var desse verdiane på respektive 0,062 mg/l og 0,013 mg/l. Fargetalet for Valavatnet var på 28 mgPt/l medan Hauskjeåna hadde 20 mgPt/l. Alkalitet i Valavatnet var på mindre enn 0,02 mmol/l, medan det ikkje er tatt alkalitetsmålingar i Hauskjeåna. Kalsium i Valavatnet var på 1,0 mg/l. Heller ikkje for kalsium er det målingar i Hauskjeåna.

1.2 Overvaking/utsleppskontroll

Det er opplyst at konsentrasjonane i konsentratet vil verte opptil fire gonger så høge i konsentratet som i råvatnet. For å vita sikkert kor mykje aluminium som vil vere syreløyst og labilt, må konsentratet analyserast for dette ein gong i månaden. Samstundes må det også takast analysar på pH, kalsium og fargetal for å slå fast kva som vil verte tilført Hauskjeåna. Dei same parametranne må det også analyserast for i råvatnet.

For å følgja med på vasskvaliteten i Hauskjeåna og for å sjå korleis utsleppet frå vassverket vil påverke åna, skal det ein gong i månaden takast prøvar både oppstrøms og nedstrøms utsleppet (50 m nedfor utsleppet) for dei same parametra som ovanfor.

Vassføringa i åna må samstundes registrerast og det må opplysast om kraftstasjonen er i drift eller ikkje på prøvetakingstidspunktet. Oversikt over prøvetakingar er sett opp i tabellen nedanfor.

Prøvestad	Parameter	Labilt-Al (mg/l)	Syreløyst-Al (mg/l)	Kalsium, Ca (mg/l)	Fargetal (mgPt/l)	pH	Vassføring (l/s)
Råvatn (Valavatn)							-----
Konsentrat							
Åna, oppstrøms utslepp							
Åna, nedstrøms utslepp							-----

Alle analysane skal takast same dag, ein gong i månaden.

Resultata skal takast vare på og sendast fylkesmannen ein gong i året, jf. pkt. 5. Prøvetaking og analysar skal utførast av akkreditert, eller på anna vis godkjent instans.

Dersom fylkesmannen meiner det er nødvendig, skal den som har fått utsleppsløyvet, medverke til og/eller betale for overvåkingsundersøkingar eller andre liknande tiltak eventuelt utover det som alt er pålagt, jf. § 51 i forureiningslova.

2 Utslepp frå vassverket

2.1 Utslepp av konsentrat frå membranfiltreringa

Sidan konsentratet vil innehalde høge konsentrasjonar av aluminium og dette kan vere skadeleg for fisk og andre organismer, må konsentratet kalkast før utslepp når ikkje kraftstasjonen er i drift. Ved kalking vil meir av det labile aluminiumet gå over til bunden form og såleis verte ugiftig. Konsentratet skal kalkast til ein pH på 6,5 +/- 0,3. Konsentratet skal gå til ombygd silkammer der kalken (spylevatn frå dei alkaliske kontaktbassenga) skal setjast til. For å få best mogleg kalkingseffekt, må opphaldstida etter tilsetjing av kalk, vere på minimum 15 minutt før utslepp.

Når kraftstasjonen går skal konsentratet blandast med overskotsvatnet frå stasjonen før utslepp.

For å ha oversikten over kor mykje konsentrat som vert tilført Hauskjeåna, skal det takast kontinuerlege mengdemålingar av utsleppet.

2.2 Utslepp av skylevatn frå membranfilter

Skylevatnet som inneheld organiske salt og klor vil utgjere 4 m³ i døgnet. Spylevatnet må ikkje tilførast resipienten som ein "propp" då dette kan føre til lokal skade både på fisk og planter i resipienten. Skylevatnet skal difor gå til ombygd silbasseng og fortynnast med konsentrat før utslepp. For å redusere den lokale påverknaden, skal vaskevatt/konsentratet frå det ombygde silbassenget sleppast ut i resipienten over ein periode på minimum 15 minutt.

Krav om innblanding med overskotsvatn frå kraftstasjonen, kalking og minimum opphaldstid gjeld tilsvarande som under vilkår 2.1.

2.3 Utslepp av vaskevatn frå membranfilter

Vaskevatnet som inneheld reinsemiddelet RMN - 02, inneheld høge konsentrasjonar av tensider, fosfat, EDTA og natriumsulfat. Vaskevatnet må difor under ingen omstende sleppast ut i Hauskjeåna.

Vaskevatnet skal samlast opp og køyrast til Vikaneset der det skal sleppast på industri-avløpet. Dette avløpet går til sjøen i Ølesundet der straumforholda er bra.

2.4 Utslepp av spylevatn frå dei alkaliske kontaktbassenga

Spylevatnet som har ein pH på 10 må ikkje sleppast direkte ut i Hauskjeåna då så basiske løysingar kan føra til lokal skade på resipienten. pH skal 50 meter nedstrøms utsleppet, aldri vere høgare enn 7,5.

Spylevatnet skal samlast opp og tilsetjast konsentratet før utslepp, sjå vilkår 2.1.

Modningsvatnet som vil ha tilnærma lik kvalitet som drikkevatnet, kan gå direkte til avløp.

2.5 Utsleppsarrangement

Avløpet skal først ut i Hauskjeåna på ein måte som gir god innlagring. Utløpsleidningar skal leggjast slik at dei til eikvar tid er fullt neddykka.

2.6 Utslepp til luft

Vassverket skal ikkje gi sjenerande lukt til omgjevnadene.

2.7 Utslepp av sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m, må godkjennast av kommunen etter gjeldande reglar for utslepp.

3 Drift og vedlikehald

Den som har fått utsleppsløyvet er ansvarleg for at verksemda og anlegga vert vedlikehaldne og drivne slik at utsleppet til eikvar tid er i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Utsleppa skal reduserast til eit minimum.

Vedlikehald og normale reparasjonar skal kunne utførast utan å overskride krava i utsleppsløyvet. Større reparasjonar eller tilhøve som fører til utslepp utover det løyvet opnar for, skal godkjennast av fylkesmannen.

4 Inspeksjon og varsling

Den som har fått utsleppsløyvet pliktar å la representantar for forureiningsstyresmaktene (fylkesmannen) eller dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gjev fullmakt, inspisere anlegget til eikvar tid, jf. § 50 i forureiningslova.

Fylkesmannen skal varslast omgåande dersom det oppstår feil ved anlegget som fører til store utslepp, dvs utslepp som kan ha uheldige konsekvensar for resipienten. Konsekvensane må vurderast utifrå kor sårbar resipienten er.

Unormale tilstandar ved anlegget, havari eller driftsstans som fører til unormalt store utslepp, skal snarast meldast til fylkesmannen og helsestyresmaktene. Ved akutt forureining skal næraste politi straks varslast, jf. §§ 38 og 39 i forureiningslova.

5 Rapportering

5.1 Internkontroll

I følge "Forskrift om systematisk helse,- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter" (Internkontrollforskriften) fastsett 6. desember 1996, skal den som har fått løyvet ha eit internkontrollsystem som sikrar at krava i løyvet blir følgde til eikvar tid.

5.2 Årsrapportering

Årsrapporten skal dokumentere at vilkåra i løyvet er oppfølgde, gjere greie for årsakene til eventuelle avvik og kva slags tiltak som er sett i verk for å rette opp påviste avvik.

Årsrapporten skal m.a. omfatte:

- resultat frå overvaking/utsleppskontroll, jf. vilkår 1.2
- mengdemålingar på konsentrat, jf. vilkår 2.1

Årsrapporten skal sendast til fylkesmannen kvart år innan 1. mars.